



Kommunar i Vestland
v/ kommunedirektør og politisk sekretariat

Vår referanse: 23/03857-1
Arkivkode: 033
Saksbehandler: Frode Kyrkjebø
Deres referanse:
Dato: 11.09.2023

Informasjon til kommunar i Vestland om val til KS

Viser til tidlegare utsend informasjon om «Valg til KS», datert 09.08.2023. Brevet er lagt ved saman med KS' vedtekter og gjev informasjon om kor mange delegatar (også kalla representantar) som skal veljast, og korleis kommunane gjennomfører vala.

Under følgjer påminning, presisering og utfyllande informasjon om val til KS Fylkesmøte i Vestland.

Val til KS skal skje i konstituerande kommunestyremøte

Val til KS' medlemsorgan skal gjerast i dei konstituerande møta i kommunestyra. Dette for at delegatane skal vere klare før KS sitt konstituerande fylkesmøte. I Vestland vert det konstituerande fylkesmøtet arrangert saman med haustkonferanse og ordførarsamling, 14. og 15. november på Scandic Flesland Airport Hotel. Sjå nærare informasjon her: <https://www.ks.no/regioner/ks-vest-norge/kalender/vestland-haustkonferansen/>

Dei valde delegatane frå kvar kommune må sjølv melde seg på fylkesmøtet

Delegatane frå kommunen som vert valde i konstituerande møte, må sjølv melde seg på fylkesmøtet og haustkonferansen via lenka over.

Jamfør KS-vedtekter er det kommunen som dekker utgifter til reise og deltaking for delegatane på fylkesmøtet. Dersom ikkje delegaten kan delta, skal vedkommande sjølv informere sin vara og melde frå til KS. Vi ber om at kommunen formidlar dette til dei som vert valde.

Kommunane og fylkeskommunen må melde frå om vala til KS sporenstreks etter konstituerande møte

Når delegatane til KS fylkesmøte er valde, må kommunane sporenstreks melde inn vala til KS. Kommunen må også melde inn kven som er valde til ordførar og varaordførar. Dette gjer ein ved å fylle ut vedlagte excel-skjema «Mal kommuner Fylkesmøtereprerantar 2023-2027». Rettleiing for utfylling er å finne i skjemaet og i hjelpeskjema som er vedlagt. Utfylt skjema sendast til anne-karin.loken@ks.no.

Spørsmål?

Spørsmål kan rettast til KS Vestland ved:

- Anne-Karin Løken - e-post: anne-karin.loken@ks.no eller telefon 954 88 099
- Frode Kyrkjebø – e-post: frode.kyrkjebo@ks.no eller telefon 414 59 245

Med helsing

Frode Kyrkjebø
dagleg leiar

Anne-Karin Løken
spesialkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur